

Åtvarar mot samanlikning med Årdalselva

04.01.2012



Jostein Almås med fine laksar på Rabben. Han er frå Stord og fekk fangsten på stutt tid i 2010 (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arne Terje Haugland, nyleg avgått oppsynsmann for Uskedalselva og den som veit mest om elva og fisken der, åtvarar mot ei samanlikning med Årdalselva i Ryfylke. Han gjer det i samband med at det har vore ein delegasjon frå den store Rogaland-elva her og mellom anna opplyst at det er innført restriksjonar på fisket i deira elv. Men dei to elvane kan overhodet ikkje samanliknast, held Haugland fram.

Restriksjonane i Årdalselva går ut på at kvar person ikkje får lov til å fanga meir enn ein laks i døgeret og at det i staden skal settjast ut småfisk. Haugland trur ikkje dette er ein naturleg utveg for elva vår sjølv om det vart teke rekordmykje fisk (1,4 tonn) sist sommar.

Han meiner at det er betre åtgjerder å satsa på vidare auke i bestanden mellom anna ved opparbeiding av betre gyteplassar og betre framkommelegheit i elva for den store fisken. Haugland er redd for at også elveeigarlaget her no vil leggja seg på restriksjonslina.

Når det gjeld Uskedalselva peikar Haugland på at ho har eit areal på 135 000 rutemeter medan Årdalselva har 600 000. Til samanlikning har Etnelva 300 000 som den klart største på våre kantar medan til dømes Omvikdalselva har 47 000 og Æneselva knappe 130 000 rutemeter å henta vatn frå. Samanliknar ein eggteheiten for aure er den

2,5 prosent for Uskedalen og 0,6 prosent for Årdal.

Dei tilsvarende eggteheitstal for laks er 1,4 prosent i Årdal og 1 prosent i Uskedalen. Utifrå arealtala burde det vore fanga 5-6 tonn laks i Årdalselva.

Haugland har henta tala sine frå tellinga til Unifob i 2010, som fortalde om ein auke i talet på gytelaks frå 61 i 2009 til 180 i 2011 medan sjøauretalet var 300 og låg relativt stabilt. 2011-tala dokumenterar ein ytterlegare auke i talet på gytelaks.

Oppgangen av gyteleks har aldri vore så stor som sist haust. sjølv om det har vore laks i elva berre i dei siste 10 åra.

Ein viktig skilnad på Årdalselva og Uskedalselva ligg også i vassføringa. Uskedalselva er ei typisk flomelv der ein er avhengig av flom for å få godt fiske.

Av Ola Matti Mathisen